

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/964 - 21/40585

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
14.06.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 126/39 Hope

**Tiltak:** Kai ved eksisterande naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 126/39  
**Tiltakshavar:** Jørgen Martin Herland  
**Ansvarleg søker:** Søreide Bygg AS

Vi viser til søknad om dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av kai på nausttomt med eksisterande naust.

Søknaden har vore send på høyring. Statsforvaltaren i Vestland har rådd frå å gje dispensasjon.

### Planstatus

Tiltaket er dels omfatta av reguleringsplanen for Hope, del av gnr 1 26 bnr. 1 0 m.fl. (planid. 1 263-1 9062003), der arealet er avsett til felles/privat småbåtanlegg på land, S4, og dels av kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad (planid. 1 263-200905) der området i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med underføremål natur, friluftsliv, ferdsel og fiske (NFFF).

Det er ikkje fastsett byggegrense mot sjø verken i reguleringsplanen eller kommunedelplanen. Det er kommunen si vurdering at tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1 -8 og arealføremålet i sjø.

### Politisk handsaming

Søknaden vart behandla i Utval for areal, plan og miljø i møte 09.06.2021 i sak 083/21, der følgjande vedtak vart fatta:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggeforbodet i strandsona) og § 11-6 (rettsverknad av kommunedelplan) for oppføring av kai på eksisterande bygd nausttomt på gbnr 126/39 som omsøkt.**

**Grunngjevinga for vedtaket er:**

**Kaien vert lagt over eksisterande steinfylling og har ei breidde på 2,5 meter og ei lengd på 12 meter, og skal utførast med bjelkelag med toppdekke og frontskjørt i tre. Det vil difor bli ein heilsapeleg front mot sjø som vil dempa den skjemmande steinfyllinga.**

Vidare vil tiltaket liggja på djupnekote 0,5 – 1 meter under sjøkartnull, og det skal ikkje utførast sprengingsarbeid eller større borearbeid. Kaien skal fundamentert med 4 betongsøyler som er festa med forskalingsjern som er bora ned i fjell/stein. Tiltaket vert ikkje omfatta av verneforskriftene knytt til forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde.

**Naustet ligg i området merka S4 i reguleringsplan Hope 1263-19062003, området er avsett til småbåtanlegg og naust. Kaien er viktig for at naustet skal bli funksjonelt, sidan det er steinfylling på utsida. Det er i dag ikkje tilkomst til eksisterande naust frå sjø og difor er kaien viktig for tryggleiken til brukarane. Det er viktig med kai langs heile naustet for å kunne utføra naudsynt vedlikehald på dette i framtida.**

**Utval for areal, plan og miljø meiner at omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette i denne saka, og at fordelane ved å gje dispensasjon på denne staden for omsøkt tiltak vil vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.**

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttा fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar [sett inn] på e-post [sett inn] eller på telefon [sett inn].

#### **Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nyttा fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8 og arealføremålet bruk og vern av sjø og vassdrag for oppføring av kai ved eksisterande naust - gbnr 126/39 Hope

Oppdatert Ettrinnsøknad

Opplysninger ytre rammer - oppdatert

**Vedlegg:**

Vedlegg B Dispensasjon

Vedlegg F Redegjørelse

Oppdatert situasjonsplan

Skisse kai

Foto - vedlegg1.jpg

Foto - vedlegg2.jpg

Foto - vedlegg3.jpg

Uttale vedr - Oversender søknad om dispensasjon til uttale/behandling etter særlov - gbnr 126/39

Hope, Alver kommune

Uttale - Alver - gbnr 126/39 Hope - kai ved eksisterande naust - dispensasjon

**Kopi til:**

Jørgen Martin Herland

Søreide Bygg AS

Litlåsvegen 21

5955

LINDÅS

Hopsvågen 91A

5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Postboks 7900

5020

BERGEN